



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
24.06.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/7727
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland
Helse Bergen HF
Helse Fonna HF
Haraldsplass Diakonale Sykehus

Orientering om tilsyn med samhandling i 2014 og 2015

I 2015 skal Fylkesmennene gjennomføre landsomfattande tilsyn med samhandling om utskriving av pasientar frå sjukehus til kommune.

Tilsynet omfattar kommunale helse- og omsorgstenester og somatiske spesialisthelsetenester. Tilsynet er ikkje avgrensa til bestemte diagnosar eller aldersgrupper, men rettar seg mot pasientar som er utskrivne til eigen bustad med nytt eller endra behov for hjelp frå kommunen.

Som ledd i førebuinga av dette tilsynet, blir det gjennomført pilottilsyn i nokre fylke. Fylkesmannen i Hordaland skal gjennomføre pilottilsyn hausten 2014. Vi har førebels ikkje bestemt kva helseføretak/sjukehus og kommune det blir ført tilsyn med.

Tema for tilsynet

Formidling av relevante og nødvendige opplysningar ved overgang mellom nivå og helsepersonell er ein grunnleggande føresetnad for forsvarleg pasientbehandling.

Tilsynet med samhandling mellom nivå i helsetenesta vil omfatte kommunikasjon av relevante og nødvendige opplysningar om pasienten ved utskriving frå sjukehuset til kommunen. Informasjon til pasient og brukarmedverknad ved utskriving frå spesialisthelsetenesta og ved mottak i kommunen inngår i tilsynet.

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet blir gjennomført som systemrevisjon. Det inneber gjennomgang av styrande dokument, til dømes samarbeidsavtalar, intervju av leiarar og tilsette og gjennomgang av eit utval pasientjournalar. Opplysningar i pasientjournalar og pasientadministrative system m.m. i kommunar og sjukehus vil vere sentrale informasjonskjelder.

Ved hjelp av spørjeskjema vil vi også innhente opplysningar frå fastlegar i kommunen.

Pasientar som nyleg er utskrivne, blir invitert til å delta i ei frivillig spørjeundersøking om sine erfaringar med informasjon og medverknad i samband med utskriving frå sjukehuset og mottak i kommunen.

Opplysningar/informasjon frå pasientane og frå fastlegar blir innhenta i forkant av tilsynet.

Forebuing av tilsynet

Før vi kan ta stilling til kva kommune og avdelingar i sjukehuset tilsynet skal omfatte, har vi behov for dialog og nokre orienterande opplysningar frå helseføretaket. I løpet av kort tid vil vi difor ta kontakt for nærmare avklaring. Vi treng mellom anna oversikt over kor mange pasientar som i løpet av eit gitt tidsrom er skrivne ut til eigen bustad med nytt eller endra behov for hjelp, fordelt på avdelingar i sjukehuset.

Melding om tilsyn blir sendt til kommunen og helseføretaket/sjukehuset. Kommunen vi skal føre tilsyn med, blir bedt om å gi oss kontaktinformasjon, også om kven som er fastlege, til pasientar som nyleg er utskrivne til eigen bustad med nytt eller endra behov for hjelp. Heimel for å be om opplysningane følgjer av lov om spesialisthelsetjeneste § 6-2 og lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 5-9.

Med helsing

Helga Arianson e.f.
fylkeslege

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:

Helse Vest RHF	Postboks 303 Forus	4066 STAVANGER
Statens helsetilsyn	Postboks 8128 Dep	0032 OSLO